



## Statens vegvesen

Lars Bjørn Lygre  
Lurevegen 1498  
5912 SEIM

Behandlende eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:  
Region vest Tone Bøyum / 55516792 16/106793-4 16.03.2017

### Avslag – Avkørsle – Fv. 404 – Gnr. 58 bnr. 7 – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til søknad mottatt 04.07.2017. Vi var på synfaring på staden 05. 09.2016. Søknaden gjeld utvida bruk av avkørsle til fv. 404 for frådeling til ny bustadtomt på gnr. 58 bnr. 7 på Lygra Indre.

#### Vedtak:

Statens vegvesen har vurdert søknaden, og er komne til at søknaden må avslåast med heimel i Veglova §40.

#### Gunngjeving:

Statens vegvesen har gjort ei samla vurdering av tilhøva på staden og kome fram til at vi ikkje kan godkjenne ei utvida bruk av avkørsla slik det er søkt om. Vi har lagt avgjerande vekt på omsynet til trafikktryggleiken. Avkørsla tilfredsstiller ikkje tekniske krav til utforming. Det er særleg siktforholda i avkørsla som gjer at søknaden vert avslått.

#### Bakgrunnen for vedtaket:

Avkørsel frå offentleg veg må vere godkjent av vedkommande myndighet før det vert etablert ny eigedom, jf. §PBL 27–4 og veglova §§ 40 – 43. I samband med behandling av klagesak for avlag til dispensasjon etter plan- og bygningslova har Lindås kommune bedt Statens vegvesen handsame søknad om utvida bruk av avkørsle før klagesaka vert avgjort. Statens vegvesen uttalte seg til dispensasjonssaka i brev av 03.10.2016.

Det er søkt om utvida bruk av avkørsle etter veglova på gnr. 58 bnr. 3 i Lindås kommune. Tiltakshavar er eigar av naboeigedomen, gnr. 58 bnr. 7. Søknaden omfatta også flytting av

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER


Telefon: 02030  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

dagens avkørsle til bnr. 3 og stenging av dagens avkørsle til eigedomen. *Denne søknaden vert behandla i eigen sak.*

Avkørsla ligg på austsida av fv. 404, like sør for Lygra kyrkje. Fylkesvegen er smal og svingete på gjeldande strekning og har dårlig standard. Det er berre ei køyrebane på strekninga. Forutan omsøkte avkørsle, ligg det ei driftsavkørsle på motsett side av vegen. Det er ikkje tilrettelagt tilbod til gåande og syklande. Fartsgrensa på staden er 80 km/t, reell fart kan vere noko lågare. ÅDT (årsdøgertrafikk) er 250. Vegstrekninga er klassifisert som haldningsklasse 4 jf. *Rammeplan for avkørsler og byggjegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013 – 2016).*



Kart vedlagt søknad.

#### *Null-visjon:*

Statens vegvesen har som mål å planlegge, legge til rette og utbetre vegnettet slik at alvorlege ulykker ikkje skal oppstå.

*Kommunen sin arealplan:*

Området er avsett til *landbruk, – natur- og friluftsforemål* (LNF) med omsynssone landbruk jf. kommunedelplan for *Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden* (2015). Tiltaket er i strid med arealplanen.

*Tiltakshavar sin merknad i saka:*

Søknaden er grunngjeve med at det er ønske om å skilje ut ei tomt til bustadføremål.

*Vegvesenet si vurdering av saka:*

Statens vegvesen skal ved si vurdering legge vekt på omsynet til trafikken på og langs vegen. Det må gjerast ei totalvurdering, der det utover tilhøva på staden også må takast omsyn til framkomst og trafikktryggleik på den vegen det er søkt om avkørsle frå.

I *Rammeplan for avkørsler og byggjegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013 – 2016)* er fylkesvegen klassifisert til haldningsklasse 4. Det vil mellom anna seie at vegen har funksjon som lokalveg og at godkjenning av avkørsle normalt kan verte gjeve under føresetnad at dei tekniske krava vert tilfredstilt.

Eit absolutt krav vi stiller til nye avkørsler eller ved søknad om utvida bruk av eksisterande avkørsle er at det skal vere tilstrekkeleg sikt. Siktkravet i dette tilfellet vil vere at ein skal sjå 100 meter til kvar side av køyrebana frå eit augepunkt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkørsla. På synfaring målte vi at sikta ikkje er tilfredstillande. Sikta vart målt til rundt 60 meter i begge retningar. Dette er vesentleg under siktkravet som gjeld for ei fartsgrense 80 km/t.



**Illustrasjon siktslinjer 100m.**

Det er særleg sikt til venstre i avkøyrsla som ikkje er tilfredstillande. For å oppnå betre sikt i denne retninga vil det vere naudsynt å fjerne mur foran våningshus på bnr. 7, samt rydde vegetasjon. Ein vil likevel ikkje oppfylle siktkravet. Siktkravet til høgre i avkøyrsla kan i større grad tilfredstillast dersom vegetasjon i siktlinjene vert fjerna.

Omsøkt avkøysle fungerer i dag som driftsavkøysle for nabobrukет, bnr. 3. I tillegg har tiltakshavar søkt om å få flytte si avkøysle på bnr. 7 til omsøkte avkøysle på bnr. 3. Vi har uttalt oss positivt til denne søknaden i brev av 03.10.2016, fordi vi meiner at ein kan oppnå ei betre og meir trafikksikker løysing sjølv om siktkrava ikkje er tilfredstilt fullt ut. Vi vil i så fall setje vilkår om å stenge dagens avkøysle til bnr. 7, som vi vurderer å vere svært trafikkfarleg. I sum oppnår ein då ein då ei betre løysing. Vi vil understreke at ei slik løysing vil gje ei meir trafikksikker løysing enn dagens situasjon og dagens bruk av avkøyrsla. I følgje rammeplanen kap. 12.1 er dette omsyn vi kan leggje vekt på: «*Avkøysleløysingar som betrar dagens trafikktryggleik, må vurderast positivt*». Det er no søkt om å legge til rette for ei ny bueining på bruket, noko som medfører auka trafikk i denne avkøyrsla, og som den ikkje er dimensjonert til. Vi kan difor ikkje gje løyve til utvida bruk av avkøyrsla som omsøkt.

Det er mange element som skal vurderast i ein avkøyslesøknad. Vurderingstema er mellom anna omsynet til trafikktryggleik, strekningsvise vurderinger, lokalisering i høve til annan busetnad og andre sentrumsfunksjonar, og godkjent arealbruk for området. Ofte vil det vere motstrid mellom ynskje til etablering av nye bustader og omsynet til t.d trafikktryggleiken. Søknaden er ikkje grunngjeve ut over ønskje om å skilje ut ei tomt. Det er vår haldning at nye bustadomter i første rekke må vere lokalisert til områder der det er lagt til rette for slik bruk gjennom godkjente arealplanar.

#### **Høve til å klage:**

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak og kan påklagast, jf. forvaltningslova §§ 28–36. Klagefristen er tre – 3 – veker frå du fekk dette vedtaket. Klageinstans er Hordaland fylkeskommune. Ei eventuell klage sendast til Statens vegvesen som sender over saka til klageinstansen.

Dersom du ynskjer det, har du høve til å sjå dokumenta i saka.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen

overingeniør

Tone Bøyum  
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

Vedlegg:      Vegloven § 40  
                  Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak

## **Vegloven (lov 1963-06-21 nr. 23) § 40**

Avkjørsle frå offentleg veg må berre byggast eller nyttast etter reguleringsplan eller arealdel av kommuneplan etter plan- og bygningsloven.

Ligg det ikkje føre nokon reguleringsplan som nemnd, eller planen ikkje omfattar avkjørsle må avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå regionvegkontoret og avkjørsle frå kommunal veg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå kommunen.

Regionvegkontoret kan krevje at avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg skal byggast etter ein plan det godkjenner. Kommunen kan krevje at avkjørsle frå kommunal veg skal byggast etter ein plan den godkjenner.

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyve er gitt, fell løyvet bort.

<p>(1) Avsender (forvaltningsorganets stempel)            Statens vegvesen            Region vest            Askedalen 4            6863 Leikanger</p>	<p><b>Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak</b>            (Forvaltningsloven § 27 tredje ledd)</p>
	<p>(2) Dato            15.03.2017</p>
<p>(3) Mottaker (navn og adresse)            Lars Bjørn Lygre            5912 Seim</p>	<p>(4) Klageinstans            Hordaland fylkeskommune</p>
<p><b>Denne meldingen gir viktige opplysninger hvis De ønsker å klage over vedtak De har fått underretning om.</b></p>	
<b>Klagerett</b>	De har rett til å klage over vedtaket.
<b>Hvem kan De klage til?</b>	Klagen sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Hvis vi ikke tar klagen til følge, sender vi den til klageinstansen, jf. rubrikk (4).
<b>Klagefrist</b>	Klagefristen er tre - 3 - uker fra den dag De mottar dette brevet. Det er tilstrekkelig at klagen er postlagt før fristen går ut. Dersom De klager så sent at det kan være uklart for oss om De har klaget i rett tid, bør De oppgi datoен for når De mottok dette brevet.
	Dersom De klager for sent, kan vi se bort fra klagen. De kan søke om å få forlenget fristen, og da må De oppgi årsaken til at De ønsker det.
<b>Rett til å kreve begrunnelse</b>	Dersom De mener vi ikke har begrunnet vedtaket vårt, kan De kreve en slik begrunnelse før fristen går ut. Ny klagefrist blir da regnet fra den dagen De mottar begrunnelsen.
<b>Innholdet i klagen</b>	De må presisere
	<ul style="list-style-type: none"> <li>— hvilket vedtak De klager over</li> <li>— årsaken til at De klager</li> <li>— den eller de endringer som De ønsker</li> <li>— eventuelt andre opplysninger som kan ha betydning for vurderingen av klagen</li> </ul> Klagen må undertegnes.
<b>Utsetting av gjennomføringen av vedtaket</b>	Selv om De har klagerett, kan vedtaket vanligvis gjennomføres straks. De kan imidlertid søke om å få utsatt gjennomføringen av vedtaket til klagefristen er ute eller til klagen er avgjort.
<b>Rett til å se saksdokumentene og til å kreve veiledning</b>	Med visse begrensninger har De rett til å se dokumentene i saken. Reglene om dette finnes i forvaltningsloven § 18 og § 19. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil da få nærmere veiledning om adgangen til å klage, om framgangsmåten og om reglene for saksbehandlingen.
<b>Kostnader ved klagesaken</b>	De kan søke om å få dekket utgifter til nødvendig advokathjelp etter reglene om fritt rettsråd.
	Vanligvis gjelder visse inntekts- og formuesgrenser. Fylkesmannen eller Deres advokat kan gi nærmere opplysninger om dette. Hvis vedtaket er blitt endret til Deres fordel, kan De etter forvaltningsloven ha krav på å få dekket vesentlige kostnader som har vært nødvendige for å få endret vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dem om retten til å kreve slik dekning.
<b>Klage til Sivilombudsmannen</b>	Hvis De mener at De har vært utsatt for urett fra den offentlige forvaltnings side, kan De klage til Stortingets ombudsmann for forvaltningen (Sivilombudsmannen). Sivilombudsmannen kan ikke selv endre vedtaket, men kan gi sin vurdering av hvordan den offentlige forvaltning har behandlet saken, og om det er gjort eventuelle feil eller forsømmelser. Dette gjelder likevel ikke i saker som er avgjort av Kongen i statsråd. Dersom De nå får Deres klage avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De derfor ikke senere bringe saken inn for Sivilombudsmannen.
<b>Særlege opplysninger</b>	
Snr. 16/106793	
Utvida bruk av avkørsle - Gnr. 58 bnr. 7 – Lindås kommune	